

## Søknad

<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Vår arkivsak:</b>
<b>Støtteordning</b>	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	
<b>Prosjektnamn</b>	Overordna analyse av Lindås, Meland og Bergen nord	

### Kort beskriving

Lindås kommune ynskjer ei overordna analyse for Knarvik og omlandet til regionsenteret. Dette vil støtte opp om målsettingar i regionale planar.

### Prosjektbeskriving

Lindås kommune ynskjer ei overordna næringsanalyse for regionsenteret Knarvik og omlandet.

- Handelsanalyse; analysere Knarvik si rolle i forhold til Bergens regionen men også mot dei lokale sentra i regionen (t.d. Frekhaug, Manger, Lindås, Ostereidet)
- Lokaliseringsanalyse; ei fordelaktiv plassering/lokalisering av ulike næringer, og også i forhold til Bergen nord
- Kva skal til for at verksemder etablerer seg i vår region
- Kva er mogleg å få inn av etableringer i Nordhordland kontra andre stader
- Kva kan kommunen klargjere for at lokalisering av ny aktivitet vert attraktivt i Knarvik og omegn
- Sjå utfordringer og moglegheiter av regional areal- og transportplan og regional transportplan

Korleis kan kommunen bruke dette materialet?

- Gjennomføring av områdeplan for Knarvik
- Markedsføring av regionsenteret og regionen elles
- I arbeidet med kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen, eit arbeid som kommunen førebur oppstart på no
- I områdereguleringsplanane for Ostereidet (dersom motsegn) og Lindås
- Næringsutvikling generelt

Organisering:

- Lindås kommune er prosjektansvarleg og prosjektbestiller
- Innleigd prosjektleiar og sekretariat
- Lindås kommune deltek i prosjektgruppe ved ulike fagområde (næring, plan, mfl)
- Referansegruppe: m.a. Kommunane Bergen, Meland, Radøy

### Kontaktopplysningar

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Mobil
Søklar/prosjekteigar	Lindås kommune	Lindås kommune Postmottak	5914 ISDALSTØ	-

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Mobil
		Kvernhusmyr ane 20		
<b>Epost prosjekteigar</b> Postmottak@lindas.kommune.no				
<b>Kontaktperson</b>	Frøydis Ones	Kvernhusmyr ane 20, Postmottak	5914 ISDALSTØ	48092884
<b>Prosjektleder</b>	Øystein Sørhaug	Postmottak Kvernhusmyr ane 20	5914 ISDALSTØ	90981040

Søknaden er sendt inn 30.11.2016 av Frøydis Ones, froydis.ones@lindas.kommune.no

**Motteke offentlig støtte tidlegare:** Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Lindås kommune ynskjer å sjå nærare på handels- og næringsssituasjonen i regionsenteret Knarvik med omegn, og dei andre to tettstadane i Lindås kommune; Lindås og Ostereidet, med hovudfokus på nærings- og handelssituasjonen. I tillegg ynskjer vi å sjå på situasjonene for ein ny kommune som skal etablerast frå 2020. Då er det naturleg å ta med Frekahug og Manger. Områdeplan for Knarvik sentrum er vedteken, og det vert arbeidd med gjennomføring av planen. I arbeidet med å leggje til rette for utvikling av regionsenteret med omland, ynskjer vi å få eit betre oversyn over handels- og nærings situasjonen i området i dag, og ei vurdering av satsingsområde for å bygge opp om den vidare utviklinga av regionsenteret med omland.

Fase 1: Forprosjekt for å spisse prosjektet

Fase 2: Prosjektfase

### Prosjekt mål

Målet med arbeidet er å skaffa eit grunnlag for val og avgjerd i kommunen sitt planarbeid og strategiske utviklingsarbeid. Det er og eit mål å kunne nytte dette materialet i ei vidare satsing og rådgjeving med omsyn til handels- og næringsutvikling i regionsenteret med omland, og tettstadane i kommunen.

### Forankring

Områdeplan for Knarvik sentrum er vedtatt. I planstrategi for Lindås kommune er rolla for nærsentra viktig, og skal avklarast i områdeplanar.

Planstrategi for Lindås kommune viser planarbeid som skal starta opp, og gjennomførast med føremål vedtak i god tid før 2020. Prosjektet vil bidra til å gje grunnlag for næringspolitiske vurderingar og beslutningar i kommunen sitt planarbeid.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HHH)

Gjennomføringa av områdeplan for Knarvik sentrum. Kommunestyret vedtok i juni 2015 ei satsing på denne gjennomføringa.

### **Prosjektorganisering**

Prosjektansvarleg i Lindås kommune: Ass. rådmann Hogne Haugsdal

Prosjektleder i Lindås kommune: Nærings sjef Øystein Sørhaug

Arbeidsgruppe: Næringskonsulent, prosjektleder infrastruktur og samferdsel, plansjef, eventuelt fleire.

Politisk styringsgruppe: Formannskapet

Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe

### **Samarbeidspartnarar**

Referansegruppe:

- Meland kommune, Radøy kommune og Bergen kommune vert invitert med inn for å gje innspel, og delta i drøftingar.
- Nordhordland næringslag, Industriutvikling vest og handelsforeiningane i Knarvik vert invitert inn i arbeidet.

### **Aktivitetar**

Fase 1:

- a) Etablere organisasjonen og gjennomføre møter med arbeidsgruppe, styringsgruppe og referansegruppe.
- b) Utlysing av anbod, evt. gjennom kommunen sin rammeavtale.
- c) Prosjektleder innhentar informasjon om forventningar til arbeidet.
- d) Prosjektleder innhentar tilleggsinformasjon, utfører analyse og vurderingar.
- e) Prosjektleder informerer arbeidsgruppe, styringsgruppe og referansegruppe.
- f) Dialog om konklusjonar og retning for vidare arbeid.
- g) Utforming av prosjekt i fase 2

Fase2:

- a) Førebunde arbeid, møter og innhenting av informasjon
- b) Analysefase
- c) Presentasjon og evt. korrigeringar /Ferdigstilling

### **Målgrupper**

Politisk nivå i kommunen, grunnlag for planarbeid, næringsarbeid

Grunneigarar og utbyggjarar i regionsenteret og dei andre tettstadane, andre næringsaktørar som er i området. Potensielle aktørar som ynskjer å etablere seg i regionen.

### **Resultat**

Resultatmål for prosjektet: Få ei næringsanalyse som dannar grunnlag for kommunen sitt strategiske plan- og utviklingsarbeid.

### **Effektar**

Effekt:

- Leggje til rette for ei riktig og attraktiv utvikling av regionsenteret Knarvik og omegn, med spesiell vekt på nærings- og handelsutvikling.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

#### Fase1:

1. Januar: Førebuaende arbeid
2. Februar: anbudsfasen
3. Mars-April: Analysefasen
4. Mai: Presentasjon og evt. korrigeringar
5. Juni: Ferdigstilling og planlegging av fase 2

#### Fase2:

1. Juni: Førebuaende arbeid
2. August-November: Analysefasen
3. Desember: Presentasjon og evt. korrigeringar /Ferdigstilling

### Budsjettplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Evt. konferansedeltaking, fase 1	5 000					5 000
Konsulentarbeid, fase 2	380 000					380 000
Konsulentonorar, fase 1	190 000					190 000
Møte- og reiseutgifter, fase 1	5 000					5 000
Møte- og reiseutgifter, fase 2	10 000					10 000
Møte- og reiseutgifter, fase 2	10 000					10 000

**SUM 600 000**

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	300 000					300 000
Lindås kommune, eigen del	150 000					150 000
Lindås kommune, eigeninnsats	150 000					150 000

**SUM 600 000**

**Geografi**

1263-Lindås

**Vedlegg**

<b>Dokumentnamn</b>	<b>Filstorleik</b>	<b>Dato</b>
KO sak vedlegg - Vedlegg Områdeplan Knarvik - plangjennomføring notat 06.06.2015 (L)(97519).pdf	891 546	30.11.2016
KO vedtak - Områdeplan Knarvik sentrum – plangjennomføring (L)(100226).pdf	501 122	30.11.2016
KO-sak Planstrategi 2016 – 2019 og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2029 (L)(199658).pdf	409 066	30.11.2016
Planstrategi - høyringsdokument.pdf	23 990 824	30.11.2016